

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Voss kulturhus
Dato: 26.06.2015
Tidspunkt: 12:00 – 13:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjelmeseiter	Medlem	SFFK
Hans Erik Ringkjøb	Nestleiar	VOSS
Marta Finden Halset	Leiar	VIK

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddvar Østerbø	MEDL	HØY
Knut Moe	MEDL	MODA
Silje Hjemdal	MEDL	HOFK

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Anne Aanesen	Knut Moe	MODA

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær

Andre:

Kristoffer Ullern Hansen SNO Aurland

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 17/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 18/15	Underskrift av protokoll frå forige møte		
ST 19/15	Stølsheimen landskapsvernområde - gjennomføring av stølshus i Rappen, Sjur Vikøren		2015/1776
ST 20/15	Stølsheimen landskapsvernområde - platting ved turisthytta i Åsedalen		2015/1858
DS 4/15	Stølsheimen landskapsvernområde - landingsløyve for helikopter i Åsedalen i Vik kommune for Bergen og Hordaland Turlag		2015/1825

Andre saker:

Møte i Stølsheimen verneområdestyre

Neste møte i verneområdestyret er torsdag 1. oktober i Finden i Finnafjorden.

Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48.

Forvaltar orienterte om retningslinjene som er sendt ut av Klima- og miljødepartementet, datert 02.03.2015.

Arkivsaksnr: 2015/1776-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 03.06.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	19/15	26.06.2015

Stølsheimen landskapsvernomsråde – gjenoppføring av stølshus i Rappen, Sjur Vikøren

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Sjur Vikøren løyve til gjenoppføring av stølshus i Rappen, gnr. 62 bnr. 1. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde punkt VI nr. 3.

Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Stølshuset skal setjast opp på eksisterande murar frå det gamle stølshuset
- Stølshuset skal ha same storleik og utforming som det gamle stølshuset, og vera mest mogleg lik det gamle stølshuset. Stølshuset skal ha klare skilje frå hytta slik det kjem fram av bilde (før 1984) vedlagt søknad. Utvendig kledning og tak skal vera av same type som på det gamle stølshuset
- Vindauga skal vera av same type som opphavlege vindauga med gjennomgåande sprosser.
- Det skal vera ein dempa fargebruk på stølshuset og hytta
- Nye teikningar som er i samsvar med vilkåra og tilrådingar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, skal sendast til Stølsheimen verneområdestyret for ny godkjenning før arbeidet kan setjast i gang
- Dette løyvet gjeld i 3 år frå teikningane er godkjent. Dersom byggearbeidet ikkje er starta opp innan 3 år, må saka opp til ny godkjenning i verneområdestyret.

Dette løyvet gjeld berre tilhøve etter verneforskrifta. Det må i tillegg søkjast om byggeløyve frå Vik kommune.

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 26.06.2015

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Sjur Vikøren løyve til gjenoppføring av stølshus i Rappen, gnr. 62 bnr. 1. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 3.

Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Stølshuset skal setjast opp på eksisterande murar frå det gamle stølshuset
- Stølshuset skal ha same storleik og utforming som det gamle stølshuset, og vera mest mogleg lik det gamle stølshuset. Stølshuset skal ha klare skilje frå hytta slik det kjem fram av bilde (før 1984) vedlagt søknad. Utvendig kledning og tak skal vera av same type som på det gamle stølshuset
- Vindauga skal vera av same type som opphavlege vindauga med gjennomgåande srosser.
- Det skal vera ein dempa fargebruk på stølshuset og hytta
- Nye teikningar som er i samsvar med vilkåra og tilrådingar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, skal sendast til Stølsheimen verneområdestyret for ny godkjenning før arbeidet kan setjast i gang
- Dette løyvet gjeld i 3 år frå teikningane er godkjent. Dersom byggearbeidet ikkje er starta opp innan 3 år, må saka opp til ny godkjenning i verneområdestyret.

Dette løyvet gjeld berre tilhøve etter verneforskrifta. Det må i tillegg søkjast om byggeløyve frå Vik kommune.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Sjur Vikøren om byggeløyve på stølen til Rappen gnr. 62, bnr. 1, datert 11.05.2015


Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde mars 1998
- Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 4 – 2011 (*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*) (Stølsrapporten)
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009


Sjur Vikøren har ei hytte på stølen Rappen som vart sett opp av Bergen Turlag i 1953. Hytta vart sett opp som eit tilbygg til det gamle stølshuset. Hytta vart nytta som turlags-hytte i mange år. I 1984 vart den eldste delen av hytta, det gamle stølshuset, tatt av ein skredvind og skubba av grunnmurane. Resten av hytta vart restaurert. Murane etter det gamle stølshuset står der framleis. Vikøren ynskjer å setja stølshuset opp att slik den var bygd. Det nye bygget saman med eksisterande hytta skal framstå mest mogleg likt bygget frå 1953.



Foto frå søknad. Bygg frå 1953



Teikning frå søknad. Fasade sør



Planteikning frå søknad

Stølen og beiteområda vert leigd ut til sauebeite. Hytta vil Vikøren nytta til fritidsbruk for familien, og til utleige for folk som leiger sauebeite og jegerar.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter «så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar...» jf. pkt IV nr.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «Restaurering og gjenoppføring av stølshus i stølsområde etter plan og teikningar utarbeidde i samråd med fylkeskonservatoren» jf. pkt. VI nr. 3 i verneforskrifta.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Rappen er fjellstølen til Kjevlen og Fretheim i Arnafjorden. Stølen ligg på 950 moh ved Rappavatnet. Stølsområdet vert i dag nytta til beite for sau. Bygningane på stølen er hytta til Vikøren, eit utedo, ei hytte bygd på gamal seltuft og eit eldre stølshus. I tillegg er det to gamle grunnmurar. I verdivurderinga av Rappen i «Stølsrapporten» står det fylgjande; «Rappen har stor opplevingsverdi. Verknadane av beitinga og tidlegare stølsdrift er tydeleg og lett å forstå. Stølen har og ein strategisk plassering i høve til stinettet i Stølsheimen. Kulturlandskapet på Rappen er difor med på å definera identiteten til Stølsheimen». I verneforskrifta er det opning for å gje løyve til gjenoppføring av stølshus. Plan og teikningar skal vera i samråd med fylkeskonservatoren. Sogn og Fjordane fylkeskommune har kome med fylgjande uttale til søknaden:

«På bakgrunn av tilsendt dokumentasjon er det vår vurdering akseptabelt at eigar byggjer ein kopi av turlagshytta. Vidare vurderer vi det som viktig at kopien vert så nøyaktig som mogleg. Dei tilsendte teikningane avvik noko frå hytta på biletet og vi vil tilrå at dei vert justert slik at kopien vert mest mogleg truverdig. Dette gjeld fyljande:

- *Vindauga: justere ruteinndelinga i alle vindauga slik at dei vert lik den opphavlege vindaugsinndelinga.*
- *Dekor rundt vindauga: dette bør fjernast, med mindre det kan dokumenterast at hytta tidlegare hadde denne dekoren. På det tilsendte biletet ser det ut som at hytta ikkje har hatt dekor ved vindauga.*
- *Dører: utforming og materialval på ytterdører må vera av same type som opphavleg.*
- *Skot: på fotoet er det i gavlveggen eit tydeleg skilje mellom hytta og det påbygde skotet. På teikningane er det ikkje noko skilje mellom hytta og skotet. Vår vurdering er at dette skiljet er viktig å få fram att slik at gavlveggen får sin opphavlege utforming.*
- *Farge: då hytta vert stor i forhold til andre stølshus er det viktig at ein her er medviten i forhold til farge. Det føreligg ikkje informasjon om den opphavlege fargebruken, og så lenge ein ikkje har det vil vi tilrå at hytta får ein dempa farge slik at den ikkje vert for dominerande i terrenget».*

Søknaden gjeld gjenoppføring av stølshuset. Dette er det opning for i verneforskrifta. I forvaltningsplanen er eit av tiltaka å oppmoda grunneigarar til ivaretaking og restaurering av bygningar. Vikøren har i teikningane vedlagt søknaden teke utgangspunkt i det gamle stølshuset, og ynskjer at det nye bygget skal vera mest mogleg lik det opphavlege bygget. Forvaltar vurderer villkåra for dispensasjon som oppfylt.

Kunnskapen om området er henta frå forvaltningsplan og «Stølsrapporten». Det er ikkje utvalde naturtypar eller trua artar i dette område (Naturbase 16.06.2015), men Rappen er ein del av leveområde for villrein, og villrein nyttar området sporadisk. Kunnskapen om området og tiltaket jf. nml. § 8 er vurdert som god i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. § 9 er difor ikkje tillagt vekt.

På stølen Rappen er det i dag mange ulike bygningar, men stølen har likevel stor opplevingsverdi. Ved å setja opp att det gamle stølshuset slik at stølshuset og hytta framstår om lag slik bygget var før 1984, vil det vera med å visa litt av historia til Rappen. Hytta er tenkt nytta både til privat bruk og til utleige. Dette vil truleg gje auka fritidsbruk av området ut frå bruken i dag, men ikkje meir enn når hytta vart nytta av Bergen turlag. I verneforskrifta er friluftsliv eit av verneføremåla, og nasjonale føringar legg opp til auka bruk av verneområde til friluftsliv. I Stølsheimen landskapsvernområde skal det vera enkelt friluftsliv med lite tilrettelegging. Auka ferdsel av denne type friluftsliv vil lite truleg vera negativt for naturverdiane i området. Den samla belastninga på naturmiljøet av tiltaket jf. nml. § 10, vil lite truleg få negative konsekvensar for økosystemet. Bygget vil ikkje endra karakteren på landskapet når bygget vert sett opp som ein kopi av det gamle bygget.

Det er lite sannsynleg at tiltaket vil føra til skade på naturen i området, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka. Det skal nyttast tradisjonelle byggemetodar for bygging av stølshuset, og stølshuset skal plasserast på murane frå det gamle stølshuset. Det er sett vilkår om at stølshuset skal ha same utforming og materialbruk som det gamle stølshuset for å få best mogleg tilpassing til kulturlandskapet. Byggemetode og lokalisering er vurdert som miljøforsvarleg jf. nml. § 12, under føresetnad at teikningane vert endra i samsvar med vilkåra i løyvet og tilrådingane frå fylkeskommunen.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til gjennomføring av stølshuset i Rappen.

Arkivsaksnr: 2015/1858-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 03.06.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	20/15	26.06.2015

Stølsheimen landskapsvernomsråde - platting ved turisthytta i Åsedalen

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev avslag på søknad frå Hordaland og Bergen turlag om løyve til å bygge platting i tre utafor turisthytta i Åsedalen. Vedtaket er heimla i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde punkt VI nr. 4.

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 26.06.2015

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev avslag på søknad frå Hordaland og Bergen turlag om løyve til å bygge platting i tre utafor turisthytta i Åsedalen. Vedtaket er heimla i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde punkt VI nr. 4.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Hordaland og Bergen Turlag om å bygge platting utafor turisthytta i Åsedalen, datert 15

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernomsråde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernomsråde mars 1998

- Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde (stølsrapporten), rapport nr. 4 – 2011 (*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*)
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Hordaland og Bergen Turlag søker om å få byggje ein platting utafør turisthytta i Åsedalen. Dei vil setja opp platting på langveggen mot Halsetvatnet. Plattingen vil få ei lengde på 4,6 meter (halve hyttelengda), og breidde på 1,5 meter, og skal plasserast så lågt som mogleg ut frå terrenget. Den skal byggjast av impregnert materiale, og det er ikkje planlagt rekkverk rundt plattingen. I tillegg er det planlagt ein fast permanent benk med same lengde som plattingen.

Plattingen ynskjer dei å få setja opp for å få betre tilrettelegging for gjestene som ynskjer å sitja på utsida av hytta og nyte kveldsola. Det er vått og myrete utfor hytta der dei søker om å få setja opp platting og benk.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter *«så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar...»* jf. pkt IV nr.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til *«Oppføring, utviding eller ombygging av turisthytter for allmenn bruk»* jf. pkt. VI nr. 4 i verneforskrifta. Ein platting vert eit nytt tiltak som ikkje kjem inn under utviding eller ombygging av turisthytta og må vurderast etter verneforskrifta punkt VII, som seier forvaltninga kan gjera unntak i særskilte høve. Dette punktet er erstatta av naturmangfaldlova § 48; *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig»*. I denne saka må det vurderast om tiltaket er i strid med føremålet i vernevedtaket eller kan påverka verneverdiane.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Åsedalen er ein av stølane ved Halsetvatnet. Stølen ligg om lag 500 meter nordaust for Halsetvatnet. Turisthytta i Åsedalen ligg like ved stølen. Området rundt Halsetvatnet fram står som eit heilskapleg beitelandskap i høgfjellet og har høg opplevingsverdi, jf. «Stølsrapporten». Halsetstølen som ligg ved andre enden av Halsetvatnet, er nemnt som viktig kjerneområde for landbruk i Vik kommune. Kunnskapen om området jf. nml. § 8, vert vurdert som god for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i denne saka. Det er ikkje registret sårbare artar eller naturtypar i dette området (Naturbase 16.06.2015).

Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er blant anna å ta vare på eit kulturlandskap som er lite påverka av tekniske inngrep. Kulturlandskapet er prega av

stølslandskap med stølshus og beiteområde. Turisthytta i Åsedalen er ein del av dette landskapet. Platting i tre vil vera eit framandelement på bygget. I verneforskrifta er det gjeve opning for å gje løyve til utviding og ombygging av turisthytter for allmenn bruk. Ein platting er verken ombygging eller utviding av turisthytta, og må vurderast som nytt tiltak. Ved oppretting av verneområdet vart vedlikehald og restaurering av stølshus vurdert. Nye tiltak som ikkje var vurdert på vernetidspunktet med eigne reglar i verneforskrifta, må vurderast om dei kan skapa presedens for liknande saker. Fylkeskommunen har i sin uttale sagt på generelt grunnlag at «*ein moderne treplatting er eit framand element i stølsvollane og vi vil difor råde i frå at det vert gjeve løyve til oppsetjing av slike*». I dag er det fleire som brukar stølshusa til fritidsbruk, og det er fleire eldre hytter i området. Presedensverknaden er tillagt vekt ved at det er stor sjanse for at fleire ynskjer å setja opp treplatting utfor stølshus og hytter både i dette og andre og liknande verneområde. Den omsøkte treplattingen ved turisthytta i Åsedalen er liten og vil ikkje aleine gje stor endring på landskapet. Men den samla belastinga på området jf. nml. § 10 med fleire små tiltak, kan få negative konsekvensar for kulturlandskapet og vil vera i strid med verneformålet om det vert gjeve liknande dispensasjonar i framtida. På den bakgrunn vurderer forvaltar at tiltaket vil vera i strid med verneføremålet, og med det er ikkje vilkåra for dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 oppfylt.

Grunngjevinga for tiltaket er å auka komforten for gjestene på turisthytta. På ei turisthytte vil det vera fleire folk enn på ei privat hytte, og det kan difor vera større trong for tilrettelegging av ein uteplass ved turisthytta. Ein uteplass bør utformast med utgangspunkt i det tradisjonelle kulturlandskapet på stølen og med materiale som ein tradisjonelt har nytta på den aktuelle stølen eller området jf. nml. § 12 om beste driftsmetode og teknikk. Tilrettelegging av uteplass ved hytta med stein frå området, vil vera betre tilpassa tradisjon og landskap på stølen.